

## **PS 49/19 Kommunedelplan sentrum - Ikornnes - Vurdering merknadar ette 2.høyring**

### **Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 28.08.2019**

Behandlingsinformasjon:

Samfunnsplanleggjar Njell Hoftun viste PowerPoint, orienterte og svara på spørsmål.

Utvalet drøfta saka

#### **Vedtak:**

Nærings- og utviklingsutvalet gjer følgjande vedtak etter 2. høyring av kommunedelplan for sentrum/Ikornnes

#### **Areal med motsegn:**

BU1 Kommunen held fast på BU1 og tar arealet opp til mekling med fylkesmannen.

BU2 Kommunen held fast på BU2 og tar arealet opp til mekling med fylkesmannen.

BU10 Kommunen trekker BU10 ut av plan.

BU11 Kommunen trekker BU11 ut av plan.

BU13 Kommunen held fast på BU13 og tar arealet opp til mekling med fylkesmannen.

BU23 Kommunen trekker BU23 ut av plan.

SB4 Kommunen held fast på SB4 og tar arealet opp til mekling med fylkesmannen.

Bergen Sjøfartsmuseum vert ikkje tatt inn som spesifikk høyringspart i føresegnene.

Føresegner LNF - spreidd bustadbygging vert behalde uendra, og tatt opp i mekling med fylkesmannen.

Plandokumenta vert retta opp jamfør krav knytt til samfunnstryggleik og kulturminne.

#### **For private forslag gjer Nærings- og utviklingsutvalet følgjande vedtak:**

Alf Jørgen Tyssing Kommunen held fast på vedtak til 2.høyring, der arealet ikkje er med.

Br.Aursnes/Arnhild Hellesylt Kommunen tek arealet inn i plan og opp til mekling med fylkesmannen.

I

ProESS/Reidun O Jarnes Kommunen held fast på vedtak til 2.høyring, der arealet ikkje er med.

Geir Brekke/Kåre Atle Vangen Eksisterande naustområde vert endra til område for rorbu.

Erling Ekornes Bustadområde vest av Sørestranda skule vert justert noko for betre tilkomst. Nærings- og utviklingsutvalet ber om at det vert bygd ny veg.

Torfinn Aamot Kommunen tar ikkje foreslåtte areal inn i plan på noverande tidspunkt.

Per Arne Grebstad Mogleg realisering kan truleg gjerast innanfor noverande arealføremål. Forslag vert ikkje tatt inn i plan med eige arealføremål.

Nærings- og utviklingsutvalet godkjenner elles plan for alle område som ikkje er motsegn på.